

DELEGASJONSREGLEMENT I STRANDA KOMMUNE - KOM 18.02.15

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 1
Sist revidert	Saknr 037/16	Dato 27.04.16	

INNHALDSLISTE:

1. Rettleiing i bruk av reglementet
2. Organisatorisk oppbygging i Stranda kommune
3. Om delegasjon
4. Dei lovpålagde organa sitt mynde
5. Andre politiske organ si samansetjing, arbeidsoppgåver og mynde
6. Prinsipp for delegering i Stranda kommune
7. [Kommunelova](#)
8. [Forvaltningslova](#)
9. [Alkohollova](#)
10. [Barnehagelova](#)
11. [Barnevernlova](#)
12. [Brann- og eksplosjonsvernlova](#)
13. [Eigedomsskattelova](#)
14. [Eigarseksjonslova](#)
15. [Film- og videogramlova](#)
16. [Folkehelselova](#)
17. [Forureiningslova](#)
18. [Friluftsløva](#)
19. [Gravferdslova](#)
20. [Hamne- og farvasslova](#)
21. [Helse- og omsorgstenestelova](#)
22. [Hundelova](#)
23. [Husbandlova](#)
24. [Introduksjonslova](#)
25. [Jordlova](#)
26. [Konfliktrådslova](#)
27. [Konsesjonslova](#)
28. [Lov om sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga](#)
29. [Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag](#)
30. [Lov om tilskot til livssynssamfunn](#)
31. [Matrikkellova](#)
32. [Naturmangfaldlova](#)
33. [Odelslova](#)
34. [Offentlegheitslova](#)
35. [Opplæringslova](#)
36. [Plan- og bygningslova](#)
37. [Serveringslova](#)
38. [Skogbrukslova](#)
39. [Smittevernlova](#)

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 2
Sist revidert			

- 40. [Stadnamnlova](#)
- 41. [Straffelova](#)
- 42. [Tobakksskadelova](#)
- 43. [Tvangslova](#)
- 44. [Tvistelova](#)
- 45. [Vallova](#)
- 46. [Veglova](#)
- 47. [Vegtrafikklova](#)
- 48. [Viltlova](#)

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 3
Sist revidert					


1. Rettleiing i bruk av reglementet

Reglementet er bygd opp etter kva lov det skal fattast vedtak etter. Innleiinga inneheld m.a. reglar om korleis delegert mynde skal nyttast. Lovene i innhaldslista fører deg vidare i det vedtekne reglementet.

I sjølve reglementet er det lagt inn linkar på paragrafane. Du vil då komme til Lovdata sine sider som viser gjeldande lovtekst.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 4
Sist revidert			

2. Organisatorisk oppbygging i Stranda kommune



Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 5
Sist revidert			

3. Om delegasjon

Kva er delegasjon

Delegasjon inneber at nokon (A) med mynde gjev ein annan (B) mynde av samme slag som ein sjølv (A) har.

Kvifor delegere

Den viktigaste grunnen til delegering av mynde er å avlaste den med mynde og fordele arbeidsbelastninga på fleire. Ein annan grunn kan vere at det for å fatte føremålstenlege vedtak, er behov for fagkunnskap som den med mynde ikkje utan vidare har. I tillegg vil ei delegering i dei fleste tilfelle gje ei kortare sakshandsamingstid i den enkelte saka.

Kommunelova § 6 inneber at det i hovudsak berre er kommunestyret som har mynde til å gjere vedtak på vegne av kommunen. Når vi tenkjer på det talet på vedtak som vert gjort i ein kommune årleg, seier det seg sjølv at det ikkje er tenleg eller praktisk mogleg at alle desse skal gjerast av kommunestyret sjølv. For å unngå ein slik situasjon må kommunestyret difor delegere noko av mynde sitt til andre organ i kommunen.

Avgrensingar

For at ein delegasjon skal vere lovleg gjennomført, må visse kriterium vere oppfylte:

Det må vere lov til å delegere mynde

Utgangspunktet i kommunelova er at det myndet som er gjeve etter lova kan delegerast.

Det fins likevel unntak frå dette utgangspunktet, og det er dei såkalla delegasjonssperrene. Den mest vanlege sperra er tilføyning av «selv» i lovteksta, slik som «kommunestyret ansetter selv administrasjonssjefen» i kommunelova § 22 nr.2. Dette inneber at kommunestyret ikkje kan gje andre mynde til å tilsejte rådmann.

Same avgrensing finn vi i plan- og bygningslova § 3-3. 2. ledd. (Kommunens planoppgaver og planleggingsmyndighet) "Kommunestyret selv har ledelsen av den kommunale planleggingen....". Ei anna sperre er lovtekst som direkte avgrensar delegasjonsmyndet.

Når eit organ har fått delegert mynde, er utgangspunktet at det myndet kan delegerast vidare.

Men det finst unntak også her. Nokre organ som kan bli delegert mynde til, vil normalt ikkje kunne

delegere det gjevne mynde vidare. Dette gjeld ordfører, styre for selskap ol. og interkommunale styre.

Rådmannen har ein noko avgrensa rett til vidaredelegasjon. Han kan ikkje delegere gjeve mynde til andre politiske organ, slik som faste utval, komitear ol., men han har full rett til å delegere internt i sin administrasjon.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 6
Sist revidert			

I dei tilfelle der det er fritt høve til vidaredelegasjon, kan dette avgrensast ved at det i det opphavlege delegasjonsvedtaket vert bestemt at dette myndet ikkje kan delegerast til andre.

Ei oversikt over kvar lova set avgrensingar er gjeve nedanfor.

I tillegg vil dei lovtekstar som hindrar delegasjon bli tekne inn i delegasjonsreglementet under den enkelte lova.

Delegasjonen må vere gjeve til nokon som er kompetent til å få slikt mynde

[Kommunelova](#) set grenser både på kven som kan gjevast mynde ved delegasjon, og på kva mynde desse kan få tildelt.

Formannskap [§ 8 nr 3:](#)

- frå kommunestyret
- kan tildelast avgjerslemynde i alle enkeltsaker der delegasjonssperre ikkje er til hinder
- kan tildelast mynde i hastesaker ([§ 13](#))
- **Ordførar [§ 9 nr.5:](#)**
 - kan tildelast avgjerslemynde i enkeltsaker eller saker utan prinsipiell betyding der delegasjonssperre ikkje er til hinder
 - kan ikkje delegere sitt mynde som kommunen sin rettslige representant vidare.
- **Faste utval [§ 10 nr. 1:](#)**
 - frå kommunestyret
 - kan tildelast avgjerslemynde i alle enkeltsaker der delegasjonssperre ikkje er til hinder
 - kan tildelast mynde i hastesaker ([§ 13](#))
- **Adhoc-utval/komitear [§ 10 nr.5:](#)**
 - kan tildelast mynde til førebuande handsaming av saker og gjennomføring av særskilte verv.
 - kan gjevast avgjerslemynde i saker som har direkte tilknytning til adhoc-utvalet sitt oppdrag, og dersom delegasjonssperre ikkje er til hinder
- **Rådmannen [§ 23 nr.4:](#)**
 - frå politiske organ
 - kan tildelast mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker og type saker som ikkje er av prinsipiell betyding og dersom delegasjonssperre ikkje er til hinder
 - kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt i administrasjonen

Vedteke av	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 7
Sist revidert			

- **PAU [§ 25:](#)**
 - frå kommunestyret
 - kan tildelast avgjerselemynde i alle enkeltsaker der delegasjonssperre ikkje er til hinder
 - kan tildelast mynde i hastesaker (§13)
- **Interkommunalt styre [§ 27 nr.1:](#)**
 - frå kommunestyret
 - kan tildelast mynde til avgjerder som omfattar verksemda si drift og organisering, og dersom delegasjonssperre ikkje er til hinder
 - kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt
- **Kommunale foretak [§ 67nr.1:](#)**
 - frå kommunestyret
 - kan tildelast mynde til avgjerder som omfattar verksemda si drift og organisering, og dersom delegasjonssperre ikkje er til hinder
 - kan ikkje delegere sitt mynde vidare anna enn internt

Etter [kommunelova](#) kan ikkje andre tildele mynde på vegne av kommunen. Særlover kan likevel innehalde reglar som utvidar kven som kan ha mynde. Slike reglar vil bli teke inn under den enkelte lov i delegasjonsreglementet, der dette er føremålstenleg.

Sjølve delegasjonsvedtaket må vere gyldig.

I dette ligg at saksbehandlingsreglar og reglar om fleirtal, habilitet, at organet er vedtaksført o.l. må vere følgt.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 8
Sist revidert			

4. Dei lovpålagde organa sitt mynde

Kommunestyret

Etter [kommunelova § 6](#) er kommunestyret det øvste organet i kommunen og har dermed mynde til å treffe vedtak i alle saker som har med kommunen å gjere så langt ikkje anna følgjer av lov.

På nokre område gjev lova ingen andre enn kommunestyret sjølv mynde til å treffe vedtak. Dette gjeld:

Kommunelova

- Velje formannskap og fastsette området for verksemda si, jfr. [§ 8 nr. 1 og 3](#)
- Velje ordførar og varaordførar, jfr. [§ 9](#)
- Opprette og legge ned faste utval og fastsette arbeidsområde og delegere mynde for deira verksemd, jfr. [§ 10](#)
- Opprette styre for kommunal institusjon, jfr. [§ 11](#)
- Gje mynde i hastesaker, jfr. [§ 13](#).
- Tilsetje rådmann, jfr. [§ 22 nr. 2](#)
- Bestemme at leiande stillingar skal tilsettast på åremål, jfr. [§ 24 nr. 2](#)
- Opprette interkommunale styre og gje dei mynde til å treffe vedtak som høyrer inn under verksemda si drift og organisering, jfr. [§ 27 nr. 1](#)
- Overdrage tariffmynde til ei interkommunal samanslutning, jfr. [§ 28](#)
- Fastsetje reglement for sakshandsaming i politiske organ, jfr. [§ 39](#)
- Ta stilling til innbyggjarinitiativ, jfr. [§ 39a](#)
- Vedtak og endringar av økonomiplanen, jfr. [§ 44 nr. 6](#)
- Vedtak og vesentlege endringar av årsbudsjettet, jfr. [§ 45 nr. 2](#)
- Velje kontrollorgan, jfr. [§ 77 nr. 1](#)
- Velje revisor, jfr. [§ 78 nr. 3](#)
- Opprette kommunalt føretak, jfr. [§ 62](#)
- Endre vedtekter til kommunalt føretak, jfr. [§ 63 nr. 2](#)
- Velje styret i kommunale føretak og peike ut leiar og nestleiar, jfr. [§ 65 nr. 3 og 4](#) og [§ 66 nr. 3](#)

Plan- og bygningslova

- Ha leiinga av den kommunale planlegginga og sjå til at plan- og bygningslovgjevinga i kommunen vert følgd, jfr [§ 3-3](#) . Kommunestyret sjølv gjer vedtak om kven som skal ta i vare barn og unge sine interesser i plansaker etter denne bestemmelsen.
- Vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan, jfr [§ 3-3](#), [§ 11-13](#) og [§ 12-09](#).

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 9
Sist revidert			

- Ekspropriasjon uavhengig av reguleringsplan, jfr. [§ 16-3](#).
- Ekspropriasjon til vatn- og avløpsanlegg, jfr. [§ 16-4](#).
- Føresetnader for bruk av utbyggingsavtale, jfr. [§ 17-2](#).
- Fastsette gebyr for tenester etter lova, jfr. [§ 33-1](#).

Andre særlover

Desse reglane vil bli referert under den enkelte lova i delegasjonsreglementet.

Formannskapet

[Kommunelova](#) gjev ikkje formannskapet mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker, men formannskapet har ei lovpålagt plikt til å handsame forslag i følgjande saker, jfr [§ 8 nr.3](#),

- økonomiplan
- årsbudsjett
- skattevedtak

Formannskapet tilrår dessutan i saker som har økonomiske konsekvensar for kommunen og saker som naturleg ikkje går inn under eit av utvala.

Formannskapet har dessutan delegert mynde etter kommunelova [§ 13 i hastesaker](#). Formannskapet er tillagt funksjonen som kommunen sitt klageorgan.

Vidare skal formannskapet vere overordna fagorgan for dei forvaltningsoppgåver og tenester som kommunen er pålagt å yte etter følgjande lovverk:

- [Konfliktrådslova](#)
- [Offentleglova](#)
- [Straffelova](#)
- [Tvangslova](#)
- [Tvistelova](#)
- [Vallova](#)

Ordfører

Ordfører er kommunen sin rettslege representant og skriv under på vegner av kommunen ved alle tilhøve så lenge ikkje anna er bestemt. Kommunelova gjev ikkje ordfører mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker på vegner av kommunen.

Partsamansett utval (PAU)

Dette utvalet skal handsame alle saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, men Kommunelova gjev ikkje PAU mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker på vegne av kommunen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 10
Sist revidert			

Kontrollutval

Dette utvalet skal føre eit løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, men Kommunelova gjev ikkje kontrollutvalet mynde til å ta avgjerder i enkeltsaker på vegne av kommunen. Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre.

Valstyre

Dette styret skal styre førebuingane og gjennomføre val i kommunen. Vallova legg det meste av mynde rundt vala til valstyret.

Eldreråd

Dette rådet på 5 medlemmer vert vald av kommunestyret, etter at pensjonistlaga har hatt høve til å uttale seg.

Rådet skal handsame alle saker som gjeld dei eldre sine levekår i kommunen, og er eit rådgjevande organ for kommunen, jfr. [eldrerådslova § 3](#). Dette gjeld m.a. reguleringsplanar, årsbudsjett og økonomiplan. Rådet har mynde til å gjere vedtak innanfor eige budsjett vedteke av kommunestyret, men har ellers ikkje mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker på vegne av kommunen.

Rådet for funksjonshemma

etter Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne:

Rådet har 5 medlemmer der to er vald av kommunen. 3 medlemmer er vald av interesseorganisasjonane av busette i kommunen. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Rådet handsamar og gjev uttale i alle saker som gjeld dei funksjonshemma sine levekår i kommunen.

Dette gjeld også reguleringsplanar, årsbudsjett og økonomiplan. Rådet har ikkje mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker på vegner av kommunen.

Regionalt skatteutval

Kommunalt utval er erstatta med eit regionalt skatteutval under Skatt Midt-Norge (Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag).

Likningsnemnda og Overlikningsnemnda

Desse nemndene er erstatta med ei regional skatteklagenemnd under Skatt Midt-Norge (Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag).

Forliksråd

Rådet vert valt av kommunestyret sjølv mellom kommunen sine pålitelege og valbare innbyggjarar over 25 år. Dette er ein del av rettssystemet i Norge. Rådet tek avgjerder i tvistar mellom private, og er ikkje ein del av kommunen sitt avgjerdssystem. Avgjerder i forliksrådet har verknad som dom, og kan bringast inn for tingretten.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 11
Sist revidert			

Overformynderiet

Den nye verjemålslova tok til å gjelde 1. juli 2013. Frå denne datoen vart det lokale overformynderiet lagt ned og arbeidet overført til Staten ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Rådmannen

Rådmannen er den øvste leiaren for den kommunale administrasjonen innanfor dei rammene som vert fastsette av kommunestyret. Unntak finst likevel m.a. i særlover der andre tenestemenn/organ er tillagde det øvste myndet. Rådmannen har også ansvaret for at saker som vert lagde fram for politiske organ, er forsvarleg utgreidde og at vedtak som vert fatta blir sett i verk. Rådmannen er den einaste i administrasjonen som etter kommunelova kan gjevast mynde til å gjere vedtak på vegner av kommunen. Lova sjølv gjev ikkje rådmannen slikt mynde, det må gjevast av kommunestyret og eller andre politiske organ.

Revisor

Revisor skal saman med resten av den kommunale revisjonen, kontrollere at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande reglar og vedtak. Revisjonen skal også utføre systematiske vurderingar av bruk og forvaltning av dei kommunale midlane med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat.

Revisjonen skal rapportere til kontrollutvalet som legg rapportane fram for kommunestyret med merknader og ev. forslag til vedtak.

Revisor er ikkje tillagt mynde til å gjere vedtak på vegne av kommunen, og kan heller ikkje gjevast slikt mynde. Dette er ei naturleg avgrensing i og med dei kontrolloppgåvene som e revisjonen utfører.

Andre lovpålagde tenestemenn etter særlov

Særlovene gjev i nokre tilfelle tenestemenn høve til å ha mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker på vegner av kommunen. I enkelte saker gjev også lova tenestemenn mynde til å gjere vedtak på vegner av kommunen direkte. Dette vil bli kommentert nærmare i delegasjonsreglementet under den aktuelle lova.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 12
Sist revidert			

5. Andre organ si samansetjing, arbeidsoppgåver og mynde

Klageorgan (formannskapet)

Stranda kommune er det vedteke av kommunestyret at formannskapet skal vere kommunen sitt klageorgan og har mynde til å gjere vedtak i klagesaker på vegne av kommunen.

Dette organet skal vere klageinstans for enkeltvedtak gjort av kommunale organ som er oppretta etter kommunelova. Dette gjeld likevel ikkje saker der andre instansar, t.d. fylkesmannen, er klageinstans eller der kommunestyret har gjort vedtak.

For enkeltvedtak gjort av formannskapet er kommunestyret klageorgan.

I tillegg handsamar organet klager på vedtak gjort av kommunen, med unntak av vedtak gjort av kommunestyret, i saker der det ikkje er lovbestemt klagerett.

Klagesaker skal først handsamast av organet som har gjort vedtaket, administrasjon eller politisk organ (første instans). Dersom første instansen ikkje gjev klagen heilt eller delvis medhald, skal saka handsamast av klageorganet. Dette gjeld i saker der kommunen er klageinstans.

Faste utval oppretta av kommunestyret

Helse-, oppvekst- og kulturutvalet (HOK)

Helse-, oppvekst- og kulturutvalet som har 7 medlemmar valde mellom kommunestyret sine medlemmer/varamedlemmer har som hovudoppgåve å vere overordna fagorgan for dei forvaltningsoppgåver og tenester som kommunen er pålagd å yte etter følgjande lovverk:

[Alkohollova](#)

[Barnehagelova](#)

[Barnevernlova](#)

[Film- og videogramlova](#)

[Folkebiblioteklova](#)

[Folkehelselova](#)

[Gravferdslova](#)

[Helse- og omsorgstenestelova](#)

[Husbandlova](#)

[Introduksjonslova](#)

[Kulturlova](#)

[Lov om tilskot til livssynssamfunn](#)

[Opplæringslova](#)

[Serveringslova](#)

[Smittevernlova](#)

[Lov om sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga](#)

[Tobakksskadelova](#)

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 13
Sist revidert			

Utvalet har mynde til å gjere vedtak i alle saker innanfor desse områda som ikkje er delegert til andre, eller som kommunestyret sjølv skal handsame.

Utvalet tilrår til kommunestyret i saker som ligg innanfor utvalet sitt ansvarsområde og som skal slutthandsamast i kommunestyret, med mindre saka angår andre område som utvalet ikkje har mynde på.

I slike tilfelle tilrår formannskapet til kommunestyret etter tilråding frå HOK.

Miljø og kommunalteknikk og Fast utval for plansaker (MK/PLA)

Utvalet for Miljø og kommunalteknikk har 7 medlemmar vald mellom kommunestyret sine medlemmar/varamedlemmer, har som hovudoppgåve å vere overordna fagorgan for dei forvaltningsoppgåver og tenester som kommunen er pålagd å yte etter følgjande lovverk:

[Brann- og eksplosjonsvernlova](#)

[Eigarseksjonslova](#)

[Forureiningslova](#)

[Friluftsløva](#)

[Hundeløva](#)

[Jordlova](#)

[Konsesjonslova](#)

[Lakse- og innlandsfiskeløva](#)

[Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag](#)

[Matrikkeløva](#)

[Odelslova](#)

[Plan- og bygningslov](#)

[Skogbrukslova](#)

[Veglova](#)

[Vegtrafikklova](#)

[Viltlova](#)

Utvalet har mynde til å gjere vedtak i alle saker innanfor desse områda som ikkje er delegert til andre eller kommunestyret sjølv skal handsame.

Utvalet tilrår til kommunestyret i saker som ligg innanfor utvalet sitt ansvarsområde og som skal slutthandsamast i kommunestyret, med mindre saka gjeld andre område som utvalet ikkje har mynde på.

I slike tilfelle tilrår formannskapet til kommunestyret etter tilråding frå Miljø og kommunalteknikk

Plan- og byggenemnd

Byggenemnda har ansvaret for gjennomføring av større kommunale bygningsprosjekt, dvs nybygg eller rehabiliteringsprosjekt. Byggenemnda har 4 medlemmar.

Plan og byggenemnda har mynde til å gjere vedtak i alle forhold knytta til byggeprosjektet innan for dei rammer som er gjevne av kommunestyret gjennom prosjektmandat, løyving og reglement.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 14
Sist revidert			

Kommuneplanutvalet (KPU/FOR)

Ansvar og mynde for plansaker slik kommunestyret har delegert det etter [plan- og bygningslova](#). KPU tilrår i saker som omhandlar kommuneplanar og andre overordna planar

Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt:

Sakkyndig nemnd for eigedomsskatt har 3 medlemmar og har som hovudoppgåve å vedta rammer og retningsliner for takseringsarbeidet.

Klagenemnd for eigedomsskatt:

Klagenemnd for eigedomsskatt har 3 medlemmar og har som hovudoppgåve å behandle klager gjort av sakkyndig nemnd.

Klagenemnda sitt takstvedtak er endeleg og kan berre takast inn for rettsapparatet til endeleg behandling.

Valstyre:

Formannskapet er valstyre og er ansvarleg for gjennomføring av val.

Ungdomsrådet:

Ungdomsrådet vert vald av HOK og består av 9 faste representantar.

Det blir valt 2 representantar frå kvar av skulane: Stranda ungdomsskule, Sunnlyven ungdomsskule, Stranda vgs og Vestborg vgs. Kommunestyrt nemne opp 1 representant. Elevrådet ved Geiranger skule får saker som vedkjem ungdommane i Geiranger til uttale.

Ungdomsrådet skal ivareta ungdommen sine interesser og tale dei unge si sak i Stranda kommune.

AMU - administrativt

AMU skal ha 8 medlemmar, 4 frå arbeidstakasida og 4 frå arbeidsgjevarsida.

Rådmannen nemne opp dei 4 representantane frå arbeidsgjevarsida med vara.

Arbeidstakarorganisasjonane nemne opp dei tilsette sine representantar med vara.

Arbeidsmiljøutvalet skal virke for gjennomføring av eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i kommunen. Utvalet skal delta i planlegging av verne- og miljøarbeidet, og nøye følgje utviklinga i spørsmål som vedkjem arbeidstakarane si sikkerheit, helse og velferd.

Beredskapsrådet - administrativt

Rådet er kommunen sitt samarbeidsorgan i beredskapsspørsmål, men har ikkje mynde til å gjere vedtak på vegner av kommunen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 15

Kriseleiinga - administrativt

Utvalet er kommunen sitt operative styringsorgan for å handtere samfunnsmessige alvorlege og uføresette hendingar som større ulykker, skred, sterk vind, flaum, flodbølger m.m.

Følgjande funksjonar og stillingar er med i utvalet:

- Ordførar
- Varaordførar
- Rådmann
- Kommunalsjef plan og utvikling
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommuneoverlege
- Ass.rådmann (kommunalsjef pleie og omsorg)
- Leiar servicekontor
- Lensmannen i Stranda og Norddal

Ordførar er leiar for utvalet og har ansvaret for kommunikasjon med media.

Fullmakt:

I ein akuttsituasjon, der det ikkje er tid til å kalle saman formannskapet eller kommunestyret, har ordføraren ved kommunestyrevedtak den 11. februar 1998 fått fullmakt til å nytte inntil kr 500.000,- til å avverje eller avgrense skade. Denne fullmakta er gitt med heimel i [kommunelova, § 13](#).

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 16
Sist revidert			

6. Prinsipp for delegering i Stranda kommune

Retningsliner for bruk av delegert mynde

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og i samsvar med dei saksbehandlingsreglar som går fram av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk.

Delegert mynde skal utøvast lojalt og i samsvar med retningsliner gjeve av overordna organ. Elles skal delegert mynde utøvast innanfor dei plan- og budsjettrammer som er vedtekne av kommunestyret eller anna overordna organ.

Tilbakekalling og kontroll av delegasjonsvedtak

Overordna organ kan når som helst trekkje tilbake ein gjeven delegasjon.

Overordna organ kan krevje å få framlagt ei sak som eit underordna organ har til handsaming i samsvar med delegert mynde, jfr. [kommunelova § 76](#).

Overordna organ kan krevje å få overta handsaminga av og gjere vedtak i enkeltsak som underordna organ har til handsaming i samsvar med delegert mynde.

Rett og plikt til å la vere å gjere bruk av delegert mynde

Underordna organ har rett og plikt til å overlate til det overordna organet å ta avgjerd i enkeltsak når særlege grunnar gjer at den vil avvike frå det som er vanleg i saker som er omfatta av delegasjonen, eller når det er grunn til å tru at det overordna organet sin intensjonen med delegasjon ikkje er til stades, , jfr. pkt.1.

Det underordna organet skal i kvart enkelt tilfelle gjere ei vurdering av om saka er av eit slikt omfang at den må leggjast fram for det overordna organet til avgjerd.

Vidaredelegasjon

Eit organ har rett til å delegere gjeve mynde vidare i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, samt retningsliner og instruksar gjeve av overordna organ.

Rådmannen utformar sjølv, innanfor ramma av sitt delegasjonsmynde, retningsliner for intern delegasjon i administrasjonen og utøving av slikt mynde.

Uklart mynde

Dersom det er uklart om eit organ har mynde til å ta avgjerd i samsvar med delegert mynde, avgjer organet sjølv dette med vanleg fleirtal. Ved likt røystetal har møteleiar dobbelrøyst.

Korleis avgjere om ei sak er prinsipiell

Dersom det er tvil om ei sak er av prinsipiell karakter, eller dersom det er tvil om korleis ei sak av prinsipiell karakter skal handsamast i det politiske systemet, skal rådmannen leggje fram dette til drøfting i formannskapet for å avklare spørsmålet.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 17
Sist revidert			

formannskapet som endeleg avgjer om den er prinsipiell.

Dei avklaringar som blir gjort gjennom behandling av slike tvilstilfelle, utviklarein sedvane som supplerer reglane i delegasjonsreglementet.

Det kan lagast eigne reglar (vedtekter/retningsliner)for handsaming av bestemte sakstype som går igjen med jamne mellomrom.

Omgjeringsrett

Et kommunalt organ kan gjere om sitt eige vedtak utan at det er påklaga etter dei reglar som gjeld i [forvaltningslova § 35 1.ledd](#).

Det vil seie når:

endringa ikkje er til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte tilgodeser, eller melding om vedtaket ikkje er kome fram til vedkomande og vedtaket heller ikkje er offentlig kunngjort, eller vedtaket må sjåast på som ugyldig.

Overordna organ kan av eige tiltak gjere om underordna organ sitt vedtak på same måte som det underordna organet sjølv, jfr. [kommunelova § 76](#). Avgrensinga i [forvaltningslova § 35 1.ledd](#) gjeld berre ved omgjerung av enkeltvedtak, jfr. [forvaltningslova § 3 1.ledd](#).

Overordna organ sin rett til å gjere om eit vedtak, gjeld også vedtak som er fatta på delegert mynde etter [kommunelova § 13](#).

Mindretallsanke

I saker der mynde er delegert til eit kollegial organ, kan 2 medlemmer, ordførar eller rådmann før møtet er slutt, forlange at saka vert lagd fram for avgjerd i det overordna organet. Mindretallsanke kan ikkje brukast ved formannskapet si behandling av klagesaker.

Klage

Partar og andre med rettsleg klageinteresse, jfr. forvaltningslova § 28, kan klage på vedtak fatta av kommunalt organ. Evt. klagerett i personalsaker følgjer reglar heimla i lov eller avtaleverk. Enkeltvedtak gjort på delegert mynde kan ein klage inn på vanleg måte etter forvaltningslova eller særlovsreglar og til den klageinstansen lova seier.

Behandling av ei klagesak i førsteinstans skal behandlast av det organ som har gjort vedtaket.

Som hovudregel skal klage på saker gjort av rådmannen behandlast av politisk organ i første instans.

Dersom behandlinga ikkje gjev klagaren heilt eller delvis medhald, skal klaga slutthandsamast i **Klagenemnda**, dersom ikkje anna er særleg bestemt, for eksempel i særlovgevinga.

Klage på vedtak gjort av kommunestyret eller formannskapet skal alltid handsamast av kommunestyret.

Klage på kommunale vedtak som ikkje er enkeltvedtak, skal behandlast av formannskapet med mindre vedtaket er gjort av kommunestyret.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 18
Sist revidert					

Når delegasjonsreglementet ikkje seier noko

Er ei lov ikkje nemnt i delegasjonsreglementet, må myndet etter lova utøvast av kommunestyret eller den lova sjølv peikar ut.

Er ei forskrift ikkje nemnt i delegasjonsreglementet er det avgjerande om det er gjeve ein "open delegasjon" eller om det er gjeve ein "spesifikk delegasjon" av lova. Ved open delegasjon er myndet etter forskrifta delegert, og ved spesifikk delegasjon må myndet etter forskrifta utøvast av kommunestyret eller den forskrifta sjølv peikar ut.

Er eit punkt i lova ikkje nemnt i delegasjonsreglementet, må myndet etter dette punktet utøvast av kommunestyret eller den lova sjølv peikar ut.

Alt dette følgjer av [kommunelova § 6](#).

Fullmakt

Rådmannen får fullmakt til å oppdatere og korrigere delegasjonsreglementet for endringar som ikkje får betydning for nivået på delegasjonen. Dette gjeld ved endringar i eksisterande lovverk og ved innføring av nye lover som erstattar gamle der det allereie er delegert mynde.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 19
Sist revidert			

7. Kommuneleva

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [§ 6](#).

Kommunestyret sitt mynde etter følgjande paragrafar kan ikkje delegerast til andre:

- Velje formannskap og fastsette området for organet si verksemd, jfr. [§ 8 nr.1 og 3](#)
- Velje ordførar og varaordførar, jfr. [§ 9 nr.1](#)
- Opprette og legge ned faste utval og bestemme området for utvala jfr. [§ 10 nr.1](#)
- Opprette styre for kommunal institusjon, jfr. [§ 11 nr.1](#)
- Gje mynde i hastesaker, jfr. [§ 13 nr.1](#)
- Tilsette rådmann, jfr. [§ 22 nr.2](#)
- Bestemme at leiande stillingar skal tilsettast på åremål, jfr. [§ 24 nr.2](#)
- Opprette interkommunale styre og gje slike mynde til å gjere vedtak som omfattar verksemda si drift og organisering, jfr. [§ 27 nr.1](#)
- Fastsette reglement for sakshandsaming i politiske organ, jfr. [§ 39 nr.1](#)
- Ta stilling til innkomne innbyggjarinitiativ, jfr. [§ 39a](#)
- Vedtak og endringar av økonomiplanen, jfr. [§ 44 nr.6](#)
- Vedtak og vesentlige endringar av årsbudsjettet, jfr. [§ 45 nr.2](#)
- Velje kontrollutval, jfr. [§ 77 nr.1](#)
- Velje revisor, jfr. [§ 78 nr.3](#)
- Opprette kommunalt føretak, jfr. [§ 62](#)
- Endre vedtekter til kommunalt føretak, jfr. [§ 63 nr. 2](#)
- Velje styret i kommunale føretak og peike ut leiar og nestleiar, jfr. [§ 65 nr. 3 og 4](#) og [§ 66 nr. 3](#)

Delegasjon frå kommunestyret

Jfr. [§ 8 nr. 3](#) Om formannskapet

Formannskapet vert gjeve mynde innan følgjande saksområde

- Alle saker som ikkje er av prinsipiell betyding og som etter lova ikkje må vedtakast av kommunestyret og som ikkje er delegert til andre.
- Høyringsorgan i saker der kommunen skal uttale seg. Formannskapet avgjer om saka skal sendast vidare til kommunestyret.
- Løyving av midlar på dei postane som gjennom budsjettvedtak er stilt til disposisjon for formannskapet

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 20
Sist revidert					

Jfr. [§ 9 nr. 5](#) Om ordfører

Ordfører vert gjeve følgjande mynde:

- Representere Stranda kommune som aksjeeigar i høve til aksjeselskap kommunen eig aksjar i. Dette grip ikkje inn i tidlegare val til konkrete verv i selskap.
- Skriv under på vegne av kommunen på dokument i saker av rettsleg karakter.

Jfr. [§ 10. nr. 2](#) Om Faste utval.

Helse- oppvekst og kulturutvalet vert gjeve følgjande mynde:

[Alkohollova](#)

[Barnehagelova](#)

Barnevernlova

Film- og videogramlova

Folkebiblioteklova

Folkehelselova

Gravferdslova

Helse- og omsorgstenestelova

Husbanklova

Introduksjonslova

Kulturlova

Lov om tilskot til livssynssamfunn

Opplæringslova

Serveringslova

Smittevernlova

Lov om sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga

Tobakksskadelova

Utvalet tilrår til kommunestyret i saker som ligg innanfor utvalet sitt ansvarsområde og som skal slutthandsamast i kommunestyret, med mindre saka vedkjem andre område som utvalet ikkje har mynde på. I slike tilfelle innstiller formannskapet til kommunestyret etter tilråding frå HOK.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 21
Sist revidert					

Utval for Miljø og kommunalteknikk vert gjeve følgjande mynde:

Brann- og eksplosjonsvernlova
 Eigarseksjonslova
 Forureiningslova
 Friluftsløva
 Hundeløva
 Jordlova
 Konesjonslova
 Lakse- og innlandsfiskeløva
 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag
 Matrikkellova
 Odelslova
 Plan- og bygningslova
 Skogbrukslova
 Veglova
 Vegtrafikklova
 Viltlova

Utvalet tilrår til kommunestyret i saker som ligg innanfor utvalet sitt ansvarsområde og som skal slutthandsamast i kommunestyret, med mindre saka gjeld andre område som utvalet ikkje har mynde på. I slike tilfelle tilrår formannskapet til kommunestyret.

Plan- og byggenemnda vert gjeve følgjande mynde:

Byggenemnda har mynde til å gjere vedtak i alle forhold knytta til byggeprosjektet innanfor dei rammer som er gjevne av kommunestyret gjennom prosjektmandat, løyving og øvrige reglement.

[Jf. § 13 Hasteparagrafen](#)

Formannskapet vert gjeve mynde til bruk av § 13 (hasteparagraf).

Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragraf skal leggjast fram for vedkomande organ.

Kommunestyret kan sjølv bestemme at formannskapet eller eit fast utval skal ha mynde til å treffe vedta i saker som skulle vore avgjort av anna organ, når det er nødvendig at vedtak vert gjort so raskt at det ikkje er tid til å innkalle dette

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 22
Sist revidert			

[Jf. § 23 nr. 4 Om administrasjonssjefen](#)

Rådmannen vert gjeve mynde til å gjere vedtak i følgjande enkeltsaker:

Personalsaker:

- Tilsetting og oppseiing samt fastsette løn i stillingar der ikkje tilsettingsmynde i høve til lov eller reglement er lagt til anna organ.
- Konstituere i stillingar med unntak av stillingar der tilsettingsmynde i høve til lov eller reglement er lagt til anna organ.
- Beordre til stedfortredarteneste.
- Opprette, omgjere og inndra stillingar
- Om det kan/skal gjerast tilsetting i ei stilling utan kunngjering. Tilsetting kan då gjerast samstundes. Eventuell uttale frå aktuell tillitsvald skal ligge føre før vedtak vert gjort.
- Omplassering av personell.
- Godkjenne stillingsomtalar
- Fastsette lønnsansiennitet
- Vere kommunen sin representant i forhandlingsutval etter hovudtariffavtalen sine reglar om lokale forhandlingar.
- Forhandlingar om lokale særavtalar
- Søknad om permisjon og søknad om redusert arbeidstid.
- Søknad om løyve til å ta ekstraarbeid utanom hovudstilling i kommunen. Her også tilsette si deltaking i styreverv.
- Gi tenestetelefon i samsvar med reglement.
- Gjeve løyve til bruk av eigen i bil i teneste i samsvar med reglement.
- Gi påskjøning til tilsette, sende blomar, helsingar og kransar osv. innanfor ramma av reglement og sedvane.
- Søkje KS om heidersmerke til tilsette
- Avgjere spørsmål om tolking og praktisering av avtalar, reglement og andre føresegner som vedkjem arbeidstakarane sine tilsettings- og arbeidsvilkår.
- Godkjenne sentralt inngåtte avtalar mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane

Føresetnaden er at rådmannen sin delegerte mynde skjer innanfor budsjett, lover, forskrifter og politiske vedtak og retningslinjer.

Saker knytt til kommunen sine eigedomar:

- Selje næringstomter på regulert næringsområde der tomteprisen er fastsett og saka elles vert rekna som kurant.
- Selje tilleggsareal, godkjenne mellombelse bruks-/ leigeavtaler og rettar, fråfalle rettar som forkjøpsrett, festerett og servituttar når saka vert rekna som kurant.
- Selje tomter der arealet er regulert til bustadformål og tilleggsareal til bustadtomter der saka vert rekna som kurant. Slike område skal selgjast til ein pris fastsett av kommunestyret, evt. etter takst.
- Rekvirere og godkjenne takstar over bustadtomter og tilleggsareal til bustadtomter i

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 23
Sist revidert			

- kurante saker der prisen ikkje er fastsett av kommunestyret. Der tilhøva tilseier at prisfastsettinga bør eller kan skje på andre måtar enn ved takst, skal prisfastsettinga gjerast av formannskapet.
- Fråfalle pant for lån i mindre parsellar og vike prioritet når dette ikkje inneber vesentleg tapsrisiko for kommunen.
- Forvalte kommunen si bustadmasse. Mynde til kjøp og sal av bustader vert ikkje delegert
- Utøve mynde i samsvar med vedtekne reglar for handel m.v. på torg og andre offentlege plassar

Økonomiske tilhøve:

- Gjere innkjøp og gå inn andre avtalar av rein driftsmessig karakter innanfor vedtekne budsjettfullmakter.
- Gjennomføre konkrete låneopptak som er vedtekne av kommunestyret.
- Tildel kommunalt husleigetilskot etter rammer og retningsliner gjeve av kommunestyret.
- Fordele støtte til dei politiske partia etter reglar frå FAD og kommunestyret.
- Godkjenne godtgjersle og erstatning for tapt arbeidsforteneste for kommunale ombodsmenn i samsvar med reglar vedtekne av kommunestyret.
- Elles gjeld kommunen sitt økonomireglement og finansreglement

Andre saker:

- Peike ut kommunen sine representantar i interkommunale administrative organ.
- Ta stilling til om klage på vedtak skal gjevast oppsettande verknad når vedtaket er gjort administrativt.
- Tildel tryggleiksalarm i samsvar med vedtekne retningsliner.
- Skrive under på vegne av kommunen på alle dokument i saker der rådmannen er delegert mynde eller ekspedisjonsdokument der politiske organ har gjort vedtak.
- Endre /oppdatere delegasjonsreglementet i følgjande tilfelle:
 - Der eit regelverk, forskrift eller lov er endra eller oppheva, og mynde ikkje er ført vidare i nye paragrafar der det er behov for delegering.
 - retting av skrivefeil eller uheldig/feil redaksjonell framstilling, så lenge dette ikkje endrar det mynde som er delegert, evt. meint delegert frå kommunestyret si side.

[Jfr. § 41 Om dekning av utgifter og økonomisk tap](#)

Rådmannen fastset utgiftsdekning og erstatning etter denne paragrafen og i samsvar med vedteke reglement.

[Jfr. § 42 Om godtgjersle](#)

Rådmannen fastset godtgjersle etter denne paragrafen og i samsvar med vedteke reglement.

3.Klage

Klage på vedtak gjort av rådmannen på delegert mynde skal som hovudregel behandlast av utval for **Miljø og kommunalteknikk (MK)**, **Helse-, oppvekst og kulturutvalet (HOK)** eller **Formannskapet** i første instans. Vedtak etter [§§ 41 og 42](#) kan ikkje klagast på.

Klage på vedtak gjort av politisk organ skal handsamast av **vedkomande organ** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 24
Sist revidert			

8. Forvaltningslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

2. Delegasjon frå kommunestyret

Jfr. § 28. (om klage på enkeltvedtak)

Klageorgan etter denne paragrafen er **Formannskapet**.

Klageorgan etter denne paragrafen er **Kommunestyret** når vedtaket er gjort av formannskapet.

Klageorgan etter denne paragrafen er **Fylkesmannen** når det gjeld klage på vedtak om å avvise ei klage.

Jfr. § 36. (om sakskostnader).

Rådmannen gjer vedtak om dekning av sakskostnader etter denne paragrafen. Dersom beløpet det er aktuelt å gje, ikkje kan dekkjast inn over eksisterande budsjett, avgjer kommunestyret saka.

3. Klage

Sidan 2006 har kommunane Norddal, Stordal og Stranda samarbeida om denne oppnemninga.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 52
Sist revidert					

27. Konesjonslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommuneloven § 6](#).

Jfr. § 2 (virkemiddel)

Kommunestyret har mynde delegert etter vedtak om overføring av mynde til kommunen, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova ved forskrift av 8.12.2003 ([overføringsvedtak](#)) om ikkje anna er nemt der eller i delegasjonsvedtaket.

2. Delegasjon frå kommunestyret

Jfr. forskrift til § 14: Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven.

Rådmannen tek vare på kommunen sine plikter etter denne forskrifta.

Jfr. § 2, jfr. overføringsvedtak § 1

Rådmannen gjev konesjon ved erverv av areal som er ein del av byggeområde som nemnt i plan- og bygningslova [§ 11-7. 2.ledd nr.1](#) (Arealformål bebyggelse og anlegg) og [§ 12-5. 2.ledd nr.1](#) (Arealformål bebyggelse og anlegg), når saka er rekna for å vere kurant.

Rådmannen gjev konesjon ved erverv av ei enkelt ubygd bustadtomt eller ubygd tomt for fritidshus, når tomte ikkje er større enn 2 daa.

Kommunen har ikkje mynde til å avgjere saker om unntak frå konesjonsplikta etter paragrafen sitt 3.ledd 2.pkt., jfr. [overføringsvedtak § 4](#).

Jfr. § 3 (særlige rettigheter som omfattes av loven)

Rådmannen gjer vedtak på konesjon om kontraktar som er nemnd i denne paragrafen i saker som er rekna for å vere kurante.

Jfr. § 4 (unntak på grunnlag av eiendommens karakter)

Rådmannen godtgjer konesjonsfritak etter denne paragrafen.

Jfr. § 5 (unntak på grunnlag av erververens stilling)

Rådmannen godtgjer konesjonsfritak etter denne paragrafen.

Jfr. § 11. (vilkår for konesjon), jfr. overføringsvedtak § 1

Rådmannen kan gjere vedtak om det skal stillest vilkår om buplikt, og om buplikta skal vere ei personleg plikt for eigar i saker som er rekna for å vere kurante.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 53
Sist revidert			

MK-utvalet fattar vedtak om det skal stillast vilkår om buplikt, og om buplikta skal vere ei personleg plikt for eigar i saker som ikkje er rekna for å vere kurante.

Søknad om fritak skal avgjerast av MK-utvalet

[Jfr. § 11 \(vilkår for konsesjon\)](#)

Det organet som tek avgjerd i at konsesjon skal gjevast, har også mynde til å sette vilkår etter denne paragrafen.

Rådmann har mynde til å gje fristutsetting for å oppfylle vilkår gjeve i ein konsesjon i saker som vert rekna for å vere kurante.

[Jfr. § 17 \(kontroll med at vilkår overholdes m.m.\)](#)

[Rådmannen fører kontroll i samsvar med denne paragrafen.](#)

1. Andre bestemmelsar:

MK-utvalet gjer vedtak på område som er delegert til Rådmannen i saker som er vurdert å ikkje vere kurante.

2. Klage

Fylkesmannen er klageinstans på enkeltvedtak gjort av kommunen i samsvar med lova og overføringsvedtaket.

Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde skal handsamast av **MK-utvalet** i første instans.

Klage på vedtak gjort av MK-utvalet skal handsamast av **MK-utvalet** i første intans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 54
Sist revidert			

28. Lov om sosiale teneste i arbeids- og velferdsforvaltninga

Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret delegerer ikkje følgjande mynde:

Jfr § 3. Kommunens ansvar

Å gjere vedtak om at mynde etter denne lova vert delegert til eit interkommunalt organ eller ein annan kommune.

Jfr § 18. Stønad til livsopphold

Kommunestyret gjev retningsliner for stønadsnivået

Delegasjon frå kommunestyret

Jfr § 3. Kommunens ansvar

HOK har det overordna ansvaret for oppgåver lagt til kommunen etter dette lovverket.

HOK kan ikkje handsame saker vedrørande enkeltpersonar, jfr §46 i lova.

Rådmannen gjer vedtak og utfører oppgåver som er lagt til kommunen etter denne lova og tilhøyrande forskrifter når ikkje anna er sagt.

Jfr § 5. Internkontroll

HOK godkjenner plan for internkontroll.

Jfr § 49. Avgjørelse av tvister

HOK gjer vedtak om at eventuelle tvistar etter §3 (mellom kommuner) skal avgjerast av fylkesmannen.

Klage

Fylkesmannen er klageinstans for vedtak som er gjort av kommunen etter denne lova.

Klage på vedtak gjort av rådmannen på delegert mynde skal handsamast av **Rådmannen** i første instans.

Klage på vedtak gjort av **HOK** på delegert mynde skal handsamast av **HOK** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 55
Sist revidert			

29. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret sitt mynde etter følgjande bestemmelsar kan ikkje delegerast til andre:

- Gjere vedtak i samsvar med [§ 4 3.ledd siste pkt.](#), jfr. [§ 5 2.ledd](#) om å ikkje tillate motorferdsel på innsjøar m.m. over 2 km².
- Gje forskrifter etter [§ 5 1.ledd](#), jfr. [§ 5 2.ledd](#), jfr. forskrift til [§ 7](#).

Delegasjon frå kommunestyret

Jfr. forskrift til [§ 4a: Forskrift om bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag](#)

Jfr § 5 (generelle tillatelser etter vedtak)

Jfr § 6. (tillatelser etter søknad).

Rådmannen gjer vedtak etter desse paragrafane i saker som vert rekna for å vere kurante. **MK-utvalet** gjer vedtak etter desse paragrafane i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

Klage

Fylkesmannen er klageinstans på enkeltvedtak gjort av kommunen etter denne lova. Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde skal handsamast av **MK-utvalet** i førsteinstans.

Klage på vedtak gjort av MK-utvalet skal handsamast av **MK-utvalet** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 56
Sist revidert					

30. Lov om tilskot til livssynssamfunn

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

2. Delegasjon frå kommunestyret

[Jfr. § 3](#) Kommunalt tilskot

Rådmannen gjer vedtak om tildeling av tilskot etter denne paragrafen.

3. Klage

Departementet er klageinstans for kommunale vedtak etter denne lova.

Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde skal handsamast av **HOK** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 57
Sist revidert			

31. Matrikkellova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret **delegerer ikkje** til andre følgjande bestemmelsar:

jfr. § 5a, 2.ledd (Matrikkelstyresmaktne)

- Mynde til etter avtale å overlate til andre å utføre oppmålingsforretningar på sine vegne.
- Mynde til etter avtale å overlate til annan kommune å føre matrikkelen på sine vegne.
- Mynde til å la sentral matrikkelstyresmakt føre matrikkelen på sine vegne.

jfr. § 32. (Offentlege gebyr og betaling for matrikelopplysningar)

Mynde til fastsetting av gebyrregulativ for tenester etter lova.

jfr. § 44. (Ekspropriasjon)

Mynde til ekspropriasjon for gjennomføring og sikring av tiltak og innretningar i samband med grunnlagsmåling.

2. Delegasjon frå kommunestyret

Rådmannen utfører oppgåver lagt til kommunen etter denne lova og [matrikkelforskrifta](#). Rådmannen vert gjeve mynde til å gjere vedtak etter følgjande bestemmelsar i saker som vert rekna for å vere kurante:

Jfr. § 6 Krav om oppmålingsforretning før matrikkelføring

Jfr. § 7 tredje ledd Krav om klarlagt grense før tinglysing av heimelsovergang

Jfr. § 18 Samanslåing av eksisterande matrikkeleiningar

Jfr. § 19 Avtale om eksisterande grense

Jfr. § 20 Fastsetjing av samla fast eigedom

Jfr. § 21 Fastsetjing av offisiell adresse

Jfr. § 26 Retting av opplysningar i matrikkelen og sletting av matrikkeleining

Jfr. § 29 Innsyn i matrikkelen

Jfr. § 30 Utlevering og behandling av opplysningar frå matrikkelen

Jfr. § 32 første ledd Offentlege gebyr og betaling for matrikelopplysningar

Fastsette gebyr i ei sak i samsvar med gebyrregulativ vedteke av kommunestyret

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 58
Sist revidert					

Jfr. § 35 Rekvisisjon og fullføring av oppmålingsforretning

Jfr. § 39 Geodetisk grunnlag

Bestemme ytterlegare geodetiske data når oppgaver etter når oppgaver etter lova krev det

MK-utvalet vert gjeve mynde til å gjere vedtak etter dei same bestemmelsane i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

MK-utvalet vert gjeve mynde til å gjere vedtak etter følgjande bestemmelsar:

Jfr. . § 48 Tvangsmulkt

Klage

Fylkesmannen er klageinstans for kommunale enkeltvedtak etter denne lova.

Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde skal handsamast av **MK-utvalet** i første instans.

Klage på vedtak gjort av MK-utvalet på delegert mynde skal handsamast av **MK-utvalet** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 59
Sist revidert					

32. Naturmangfaldslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Delegasjon frå kommunestyret

Jfr. § 18 (annet uttak av vilt og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene)

Rådmannen gjev løyve i samsvar med denne paragrafen og forskrifta i saker som vert rekna som kurante.

Viltnemnda gjev løyve i samsvar med denne paragrafen og forskrifta i saker som ikkje vert rekna som kurante.

Klage

Fylkesmannen er klageinstans etter [§ 18](#) for vedtak gjort av kommunen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 60
Sist revidert					

33. Odelslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret har mynde delegert etter vedtak om overføring av mynde til kommunen, fylkesmannen, Statens landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova ved forskrift av 27.11.2009 ([overføringsvedtak](#)) om ikkje anna er nemnt der eller i delegasjonsvedtaket.

Delegasjon frå kommunestyret

Generelt får **Formannskapet** mynde til å gjere vedtak i saker der kommunen har mynde etter overføringsvedtaket.

[Jfr. § 27](#) jfr. overføringsvedtak § 1. Om bu og driveplikt.

Rådmannen gjev fritak frå bu- og driveplikta for inntil 5 år etter denne paragrafen.

Søknad om fritak som saman med tidlegare gjevne fritak vil overstige 5 år, skal avgjerast av Formannskapet.

[Imf § 32](#). jfr. overføringsvedtak § 1. Om odelsfrigjering.

Rådmannen får mynde til å gjere vedtak i saker som vert rekna for å vere kurante.

Formannskapet får mynde til å gjere vedtak i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

Klage

Fylkesmannen er klageinstans for kommunale enkeltvedtak etter denne lova.

Klage på vedtak gjort av rådmannen på delegert mynde skal handsamast **Formannskapet** i førsteinstans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 61
Sist revidert					

34. Offentleglova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Delegasjon frå kommunestyret

Jfr § 29. Kva organ skal avgjere innsynskravet mv.

Begjæring om dokumentinnsyn etter denne lova vert avgjort av **Rådmannen**.

Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak som er gjort av kommunen etter denne lova. Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde etter denne lova vert handsama av **Formannskapet** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 62
Sist revidert					

35. Opplæringslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Delegasjon frå kommunestyret

HOK vert delegert kommunestyret sitt mynde etter denne lova med unntak av § 1-4. Forsøksverksemd (godkjenning av søknad).

Jfr. § 2-1 Rett og plikt til grunnskoleopplæring

Rådmannen gjer vedtak om forskjøve skulestart etter denne paragrafen 3. ledd.

Rådmannen gjer vedtak om fritak fra opplæringsplikta etter denne paragrafen 4. ledd.

Jfr. § 2-2 Omfanget av grunnskoleopplæringa i tid

Rådmannen gjev forskrift etter denne paragrafen 4. ledd.

Jfr. § 2-3 Innhald og vurdering i grunnskoleopplæringa

Rådmannen gjer vedtak om rammetimetall etter denne paragrafen.

Jfr. § 2-6 Teiknspråkopplæring i grunnskolen

Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen 2. ledd.

Jfr. § 2-8 Særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar

Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen.

Jfr. § 2-11 Permisjon frå den pliktige opplæringa

Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen.

Jfr. § 4A-1 Rett til grunnskoleopplæring for vaksne

Rådmannen gjer vedtak om opplæring i samsvar med paragrafen i kap. 4A.

Jfr. § 4A-2 Rett til spesialundervisning på grunnskolens område

Rådmannen gjer vedtak om spesialundervisning i samsvar med paragrafen i kap. 4A.

Jfr. § 4A-4 Kommunen si plikt til å sørge for grunnskoleopplæring for vaksne

Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen.

Jfr. § 4A-7 Skyss m.m.

Rådmannen gjer vedtak om innlosjering etter denne paragrafen.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 63
Sist revidert					

Jfr. § 5-1 Rett til spesialundervisning

Rådmannen gjer vedtak om spesialundervisning etter bestemmingane i kap.5.

Jfr. kap 7 Skyss og innlosjering

Rådmannen gjer vedtak om innlosjering etter bestemmingane i kap.7.

Vedtak om skyss etter bestemmingane i kap.7. vert gjort i samsvar med skyssreglement vedteke av kommunestyret.

Jfr. § 8-1 Skolen (organisering)

Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen 3. ledd.

Jfr. § 10-9 Politiattest

Rådmannen krev politiattest etter denne paragrafen.

Jfr. § 13-4 Ansvar for skoleskyss m.m

Kommunen sitt mynde etter denne paragrafen skal utøvast i samsvar med vedteke skyssreglement.

Jfr. § 13-7, 7.ledd Skolefritidsordninga

Rådmannen godkjenner og fører tilsyn med private skolefritidsordningar.

Jfr. § 13-10 Ansvarsomfang

Rådmannen gjennomfører kommunen sine oppgåver etter denne paragrafen.

Jfr. § 14-3 Kommunalt tilsyn med heimeopplæring

Rådmannen fører tilsyn med den pliktige opplæringa for barn og unge som ikkje går på skule, og kan kalle dei inn til særskilte prøver.

HOK gjer vedtak om at barn og unge skal gå i skule etter denne paragrafen.

Jfr. Forskrift til opplæringslova

Rådmannen gjennomfører oppgåver som er lagt til kommune eller skuleeigar i denne forskrifta.

Rektor sitt mynde

Rektor sitt mynde etter [§ 2-10 2.ledd](#) kan ikkje delegerast til andre.

Andre bestemmelsar

Kommunen skal ha skulefaglig kompetanse i kommuneadministrasjonen over skulenivået, jfr. [§ 13-1 4.ledd](#).

Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak som er gjort av kommunen etter denne lova. Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde skal handsamast av HOK i førsteinstans.

Klage på vedtak gjort av HOK på delegert mynde skal handsamast av **FOR**

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 64
Sist revidert					

36. Plan- og bygningslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret sitt mynde etter følgjande paragrafar **kan ikkje delegerast** til andre:

- Leiinga av den kommunale planlegginga og sjå til at plan- og bygningslovgjevinga i kommunen vert følgd, jfr § [3-3](#)
- Vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan, [jmf § 3-3](#), [§ 11 – 13](#), [§ 11-15](#) , [§ 12 – 9](#) og [§ 12-12](#).
- Ekspropriasjon uavhengig av reguleringsplan, jfr. [§ 16-3](#).
- Ekspropriasjon til vatn- og avløpsanlegg, jfr. [§ 16-4](#).
- Føresetnader for bruk av utbyggingsavtale, jfr. [§ 17-2](#).
- Fastsette gebyr for tenester etter lova, jfr. [§ 33-1](#).

Kommunestyret **delegerer ikkje** sitt mynde etter følgjande paragrafar og kapittel:

[§ 3-3, 3.ledd](#): Kommunestyret sjølv gjer vedtak om kven som skal ta i vare barn og unge sine interesser i plansaker etter denne bestemmelsen.

[Kapittel 16](#): Kommunestyret sjølv gjer vedtak om ekspropriasjon etter dette kapitlet.

2. Delegasjon frå kommunestyret

Kommunestyret delegerer til **KPU (Kommuneplanutvalet)** elles sitt mynde i alle saker etter lova som ligg under

[del 2 – Plandel](#) , kap. 11, [del 3 – Gjennomføring til kap. 11](#).

Kommunestyret delegerer til **PLA (Planutvalet)** elles sitt mynde i alle saker etter lova som ligg under del 2 – Plandel , og, del 3 – Gjennomføring med unntak av det som er delegert til KPU.

Kommunestyret delegerer til **MK-utvalet** sitt mynde i alle saker som ligg under [del 4 – Byggesaksdel](#) og [del 5 – Handheving og gebyrreglar](#).

Rådmannen vert gjeve mynde etter lova og gjevne forskrifter i alle saker som er lagt til kommunen og som vert rekna for å vere kurante.

3. Andre bestemmelsar

PLA sitt mynde kan ikkje vidaredelegerast for følgjande bestemmelsar:

Handsame forslag til reguleringsplanar og fremme desse for kommunestyret, jfr. [§ 12-12](#).

Vedta mindre reguleringsplaner i samsvar med kommuneplanen sin arealdel jfr PBL § [12- 12](#).

Vedta endringar og oppheve mindre endringer i reguleringsplan, eller vedta utfylling innanfor hovudtrekka i reguleringsplan, jfr § [12-14](#).

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 65
Sist revidert					

Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak som er gjort av kommunen etter denne lova. Klage på vedtak gjort på delegert mynde av Rådmannen skal handsamast av **MK-utvalet** eller **MK-utvalet** i samsvar med ansvarsområde etter delegert mynde, i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 66
Sist revidert					

37. Serveringslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret delegerer ikkje sitt mynde etter følgjande paragrafar:

Jfr [§ 15](#) Åpningstider

Mynde til å fastsette forskrift om opningstider etter 1.ledd i paragrafen.

Jfr [§ 19](#) Tilbakekall av serveringsbevilling

Mynde til å gjere vedtak om tilbakekalling av serveringsbevilling

2. Delegasjon frå kommunestyret

Rådmannen gjev bevilling og forvaltar kommunen sitt mynde i samsvar med lova i kurante saker.

HOK får mynde etter lova i saker som ikkje er kurante.

3. Klage

Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak etter denne lova.

Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde skal handsamast i **HOK** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 67
Sist revidert					

38. Skogbrukslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

2. Delegasjon frå kommunestyret

Rådmannen vert gjeve mynde og ansvar for heile denne lova med forskrifter der slikt mynde ikkje er gjev til andre.

[Jfr. § 7. \(Vegbygging i skog\) og \[Forskrift om planlegging og godkjenning av veier for landbruksformål\]\(#\)](#)

Rådmannen vert gjeve mynde etter denne paragrafen og tilhøyrande forskrift.

[§ 23. \(Tvangsmulkt\)](#)

Rådmannen vert gjeve mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen.

3. Klage

Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak etter denne lova.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 68
Sist revidert			

39. Smittevernlova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

2. Delegasjon frå kommunestyret

Jfr. § 4-1 (Møteforbud, stenging av virksomhet, begrensning i kommunikasjon, isolering og smittesanerering)

Rådmannen sørgjer for at vedtekne tiltak vert sett i verk etter denne paragrafen sitt 3. ledd.

Kommuneoverlegen gjer vedtak og set i verk tiltak etter denne paragrafen sitt 5. ledd i hastesaker.

Jfr. § 4-6 (Gravferd og transport av lik)

Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen der det ikkje er tid til å kalle inn kommunestyret.

Jfr. § 4-9 (Plikt for helsepersonell til å gjennomgå opplæring, følge faglige retningslinjer og gjennomføre tiltak)

Rådmannen gjev pålegg etter denne paragrafen sitt 1., 2. og 4.ledd.

Jfr. § 7-2 (Kommunelegens oppgaver)

Rådmannen peikar ut ansvarleg kommunelege med stedfortredar etter denne paragrafen.

3. Klage

Fylkesmannen er klageinstans for vedtak som er gjort av kommunen etter denne lova. Klage på vedtak gjort på delegert mynde skal handsamast av **Rådmannen** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 69
Sist revidert					

40. Stadnamnlova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret delegerer ikkje sitt mynde etter:

[Jfr. § 5](#) (Om fastsetjing av namn og skrivemåte)

Delegasjon frå kommunestyret

Formannskapet gjev tilråding der kommunestyret har vedtaksmynde og uttalar seg på vegne av kommunen i saker der andre har vedtaksmynde.

[Jfr. § 6](#) Nærmare om saksbehandlinga

Rådmannen gjev varsel og samordnar etter denne paragrafen.

2. Andre bestemmelsar

Nammenemnda skal ha høve til å uttale seg før det vert gjort vedtak av kommunen eller gjeve uttale der andre instansar har vedtaksmynde.

Klage

Klage på vedtak gjort av kommunen etter denne lova skal handsamast av ei **særskilt statleg klagenemnd**.

Klage på vedtak gjort av kommunestyret skal handsamast av **Kommunestyret** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 70
Sist revidert					

41. Straffelova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Delegasjon frå kommunestyret

Jfr. § 79 5.ledd

Rådmannen ber om offentlig påtale i saker som er omfatta av kap.

- [12](#) (Forbrydelser mod den offentlige Myndighed)
- [13](#) (Forbrydelser mod den almindelige Orden og Fred)
- [18](#) (Dokumentfalsk)
- [24](#) (Underslag, Tjueri og ulovlig bruk)
- [25](#) (Udpresning og Ran)
- [26](#) (Bedrageri, utroskap og korrupsjon)
- [28](#) (Skadeverk)
- [34](#) (Forseelser mod den offentlige Myndighed)
- [40](#) (Forseelser mod Formuesrettigheder)

Formannskapet ber om offentlig påtale på vegne av kommunen elles.

2.Klage

Å be om offentlig påtale kan ikkje klagast på.

Dette gjeld også der det ikkje vert bedd om offentlig påtale.

Vedteke av kommunestyret	Saknr 014/15	Dato 18.02.15	Side 71
Sist revidert			

42. Tobakksskadelova

Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

2. Delegasjon frå kommunestyret

[Ifr. § 13](#)

Rådmannen fører tilsyn etter denne paragrafen.

Utøving av mynde etter folkehelselova (fhl) med grunnlag i tilsyn etter § 13 vert delegert slik:

[Imf fhl § 13](#)

HOK gjer vedtak om granskning etter denne paragrafen.

Kommunelegen skal gjennomføre granskning etter denne paragrafen, etter at vedtak er gjort av HOK

[Imf fhl § 14](#)

HOK gjev pålegg etter denne paragrafen.

[Imf fhl § 15](#)

HOK gjer vedtak etter denne paragrafen.

Jfr. forskrift i tidlegare lov om helsetenesten i kommunene, vidareført i medhald av [fhl § 15](#):

Forskrift om fastsettelse av tvangsmulkt i medhold av lov om helsetjenesten i kommunen

HOK utøvar kommunen sitt mynde i samsvar med denne forskrifta.

3. Klage

Fylkesmannen er klageinstans etter vedtak gjort av kommunen etter [fhl kap. 3](#).

Klage på vedtak gjort av Kommuneoverlegen på delegert mynde etter [fhl kap. 3](#) skal handsamast i HOK i førsteinstans.

Klage på vedtak gjort av politisk organ på delegert mynde etter [fhl kap. 3](#) skal handsamast av **organet sjølv** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 72
Sist revidert					

43. Tvangslova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

2. Delegasjon frå kommunestyret

Rådmannen gjer vedtak om tvangsdekning for kommunen sine uteståande fordringar i saker som vert rekna for å vere kurante.

Formannskapet gjer vedtak om tvangsdekning for kommunen sine uteståande fordringar i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

3. Klage

Om vedtak om tvangsdekning skal gjennomførast eller ikkje, kan ikkje klagast på.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 73
Sist revidert					

44. **Tvistelova**

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

2. Delegasjon frå kommunestyret

Formannskapet kan reise sivil søksmål for å få dekt kommunen sine tap i høve skadeverk på kommunal eigedom

[Jfr. § 6-7 nr 6](#)

Rådmannen vert delegert mynde til å nemne opp møtefullmektigar til forlikrådet etter denne paragrafen.

3. Klage

Vedtak om sivil søksmål skal reisast eller ikkje, kan ikke klagast på.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 74
Sist revidert					

45. Vallova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret kan ikkje delegere sitt mynde etter følgjande paragrafar:

- Jfr. [§ 4-1](#) Val av valstyret.
- Jfr. [§ 9-2 nr.2](#) Avgjere at val også skal haldast på søndag.

2. Delegasjon frå kommunestyret

§ 4-1. (valstyre)

Valstyre etter denne lova skal vere **Formannskapet** som skal gjennomføre kommuneval i samsvar med lov og regelverk.

Jfr. § 4-2 (stemmestyre)

Kommunestyret sitt mynde etter denne paragrafen vert delegert til **Valstyret**. Supplering av stemmestyre kan delegerast vidare.

Valstyret sitt mynde

Valstyret sitt mynde etter følgjande paragrafar kan ikkje delegerast til andre:

- Fastsette frist for søknad om stemmegjeving på særskilte stadar pga. at ein er ufør eller sjuk, jfr. [§ 8-3 nr.6](#).

3. Klage

Klage på avgjerder teke av valstyre, førebuingar og gjennomføring av valet følgjer reglane i vallova [§13-2](#).

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 75
Sist revidert					

46. Veglova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret delegerer ikkje sitt mynde etter:

- Jfr [5](#) (omgjere privat veg til kommunal veg)
- Jfr [6](#) (byggje kommunal veg)
- Jfr [7](#) (leggje ned eller omklassifisere offentleg veg)
- Jfr [37](#) (flytte eller rive eksisterande bygningar)
- Jfr [56](#) (bompengar privat veg)

2. Delegasjon frå kommunestyret

Rådmannen har mynde som er lagt til kommunen etter denne lova, når saka vert vurdert å vere kurant.

Saker som ikkje er vurderte å vere kurante, skal den handsamast av **MK-utvalet**.

3. Klage

Formannskapet er klageinstans på kommunale vedtak gjort på delegert mynde etter denne lova.

Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde skal handsamast i **MK-utvalet** i førsteinstans.

Klage på vedtak gjort av politisk organ skal handsamast av **organet sjølv** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 76
Sist revidert					

47. Vegtrafikklova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret delegerer ikkje mynde etter:

[Jfr § 2 i Forskrift om offentlig parkeringsregulering og parkeringsgebyr](#) når det gjeld innføring av parkeringsavgift.

2. Delegasjon frå kommunestyret

[Jfr. Forskrift om offentlig parkeringsregulering og parkeringsgebyr](#)

forskrift til §§ [4](#), [5](#), [8](#), [31](#), [31a](#), [37](#), [43](#) og Vegdirektoratet sitt vedtak av 31.oktober 1991.

Rådmannen har mynde og oppgaver lagt til kommunen etter denne forskrifta.

Jfr. § 5 (skiltreglar)

Rådmannen har mynde og oppgaver lagt til kommunen etter denne paragrafen i kurante saker. **MK-utvalet** har mynde og oppgaver lagt til kommunen etter denne paragrafen i ukurante saker.

[Jfr. forskrift til §§ 5, 6 og 43: Forskrift om offentlige trafikkskilt, vegoppmerking, trafikkløysignaler og anvisninger \(skiltforskriften\)](#)

Rådmannen har mynde og oppgaver lagt til kommunen etter denne forskrifta i kurante saker.

Rådmannen har mynde etter [kap. 14 i forskrifta](#) om mellombels skilting ved arbeid på veg. **MK-utvalet** har mynde og oppgaver lagt til kommunen etter denne forskrifta i ukurante saker.

Jfr. § 7 (særlege forbod mot trafikk)

Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen 2.ledd.

Jfr. forskrift til §§ [5](#) og [8](#): [Forskrift om parkering for forflytningshemmede](#)

Rådmannen har mynde og oppgaver lagt til kommunen etter denne forskriften.

[Jfr. § 31a](#) (parkeringsgebyr m.m)

Rådmannen har mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen, jfr. vedtak fra Statens Vegvesen datert 31.10.1991 om kommunal handheving.

[Jfr. § 37](#) (fjerning og forvaring av køyrety m.m.)

Rådmannen har mynde til å gjere vedtak etter denne paragrafen, jfr. vedtak fra Statens Vegvesen datert 31.10.1991 om kommunal handheving.

3. Klage

Klage på vedtak gjort av rådmannen på delegert mynde skal handsamast i **MK-utvalet** i førsteinstans.

Klage på vedtak gjort av rådmannen etter "Forskrift om parkering for forflytningshemmede" skal handsamast av **HOK-utvalet** i første instans.

Klage på brot på parkeringsreglar skal handsamast av **Rådmannen** i første instans. Klage på vedtak gjort av politisk organ skal handsamast av **organet sjølv** i første instans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 77
Sist revidert					

48. Viltlova

1. Kommunestyret sitt mynde

Mynde på saksområde som ikkje er lagt til andre etter lova eller er delegert til andre, må utøvast av kommunestyret, jfr. [kommunelova § 6](#).

Kommunestyret delegerer ikkje sitt mynde etter:

Forskrift om kommunale viltfond [§ 3 bokstav b](#) om kva inntekter som skal gå inn i viltfondet.

2. Delegasjon frå kommunestyret

Jfr. § 16 (fellingstillatelse på hjortevilt og bever – minsteareal) og forskrift til § 16: [Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever](#)

Rådmannen gjev løyve i samsvar med denne paragrafen og forskrifta i saker som vert rekna som kurante.

Viltnemnda gjev løyve i samsvar med denne paragrafen og forskrifta i saker som ikkje vert rekna som kurante.

Jfr. § 29 (retten til jakt i sameiestreking)

Rådmannen samarbeider med sameigestyret etter denne paragrafen sitt 2.ledd.

Jfr. § 36 (almenhetens jaktadgang)

Viltnemnda skal samarbeide med grunneigarane etter denne paragrafen sitt 2.ledd.

Jfr. § 37 (sammenslåing til felles viltområde) og [forskrift til § 37](#)

Viltnemnda har mynde og skal ta vare på kommunen sine oppgåver etter denne paragrafen og forskrifta.

Jfr. § 38 (sammenslåing for å oppnå minsteareal for storviltjakt) og [forskrift til § 38](#)

Viltnemnda har mynde og skal ta vare på kommunen sine oppgåver etter denne paragrafen og forskrifta.

Jfr. forskrift til §39: [Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst](#)

Rådmannen får fullmakt til å skrive ut bevis for avlagt eksamen etter § 10 (jegerprøve) og krevje inn gebyr for gjennomført eksamen etter § 11 (gebyr jegerprøve).

Jfr. forskrift til §§ 40, 43 og 48: [Forskrift om kommunale viltfond](#)

Viltnemnda vert gjeve mynde etter denne forskrifta.

Rådmannen vert gjeve mynde til å kreve inn fellingsavgift og fordele midlar innanfor ramma av godkjent budsjett og gjeldande forskrift.

Jfr. § 48 (om viltfondet og eigendomsrett)

Rådmannen gjer vedtak etter denne paragrafen i kurante saker.

Viltnemnda gjer vedtak etter denne paragrafen i saker som ikkje vert rekna for å vere kurante.

Viltnemnda skal leggje fram årleg budsjett og rekneskap for dette til kommunestyret.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 78
Sist revidert					

[Jfr. § 49](#) (autorisasjon av preparanter og omsetning av vilt)

Rådmannen kan krevje lagt fram oppgåver etter denne paragrafen.

Andre bestemmelsar

Rådmannen er mottakar av meldingar som skal sendast til kommunen i samsvar med lova.

Klage

Fylkesmannen er klageinstans etter [§ 4](#) for vedtak gjort av kommunen.

Klage på vedtak gjort av Rådmannen på delegert mynde skal handsamast av **Viltnemnda** i førsteinstans.

Vedteke av kommunestyret	Saknr	014/15	Dato	18.02.15	Side 79
Sist revidert					

Vedlegg:

Oversikt over revisjonar av delegasjonsreglementet

Endring Nr.	Dato	Politisk vedtak	Kva er endra	Oppdatert av

Rådmannen får fullmakt til å oppdatere og korrigere delegasjonsreglementet for endringar som ikkje får betydning for nivået på delegasjonen. Dette gjeld ved endringar i eksisterande lovverk og ved innføring av nye lover som erstattar gamle der det allereie er delegert mynde.